



Ordføraren sitt hjørna - september

Så er sommaren over for denne gongen. Ein sommar med mykje regn, før me no har hatt nokre veldig fine haustdagar. Dette er ei fin tid med makalause farger i skog og fjell. Det er no det er rette tida for å gå i fjellet.

Stortingsvalet er unnagjort, og i Hemsedal var valdeltakinga god. 80% gjorde "borgarplika "si denne gongen, ein liten auke frå siste Stortingsval.

Avviklinga av valet gjekk bra, men det var litt vanskeleg å finn fram til vallokalet på Ulsåk skule. Den nye barnehageavdelinga har stengt inngangen inn i gymsalen frå skuleplassen nede, så det vart nokre omvegar for å finne fram. Til neste val må me finne anna vallokale på Ulsåk, kanskje Bedehuskjellaren ville vera betre egna.

Fordelinga av riksveggar og fylkesveggar blir endra frå nyttår. I Buskerud overtek fylkeskommunen ca 600 km veg som til no har vore riksveggar. For Hemsedal blir det ingen endring. Riksveg 52 vil framleis vera riksveg. Fylkeskommunen har sendt ut sine planar for vedlikehald og investeringar på fylkesvegane for perioden 2010 -2013 på høyring. For Hemsedal gjeld dette 4 vegar , Mythevegen, Thorsetvegen, Lykkjavegen og Båstø- Robru. Her vil kommunen gjera merksam på at det MÅ leggjast ny asfalt på Thorsetvegen og Båstø - Robru neste år. Desse vegane er i veldig dårleg stand, så her er det ikkje mogleg å skuve ut vedlikehaldet lengre.

Vi vil også minne fylkeskommunen om innspelet vårt på omlegging av Thorsetvegen inn mot Trøim sentrum. Dette er ei omlegging frå krysset til Trøim-Sør med ny veg bak Bruhaug camping og bru over elva vest for Hemsedalbilane. Dette vil løyse mange trafikale problem i eit trongt sentrum, og det vil sikre dei gåande endå betre.

Kampen om vegpengane er hard, men her skal me stå på. Dette er viktig for Hemsedal.

Folketalet veks jamnt og trutt. Det er moro, men det stiller krav til oss som kommune med å legge til rette for kommunale tenester som barne-hageplassar og skule. Det er mykje som tyder på at me frå nyttår må ta avdeling Skadvin i bruk att. Me ser det som viktig å ha full barnehagedekning. Det er viktig for unge ved val av kvar dei vil slå seg ned.

Situasjonen med få bustadtomter har eg skrive om tidlegare. Det er sak til kommunestyret no der det blir tilrådd at me startar med reguleringa av mindre felt på Svøo og Trøim -Sør. Me har fått positive signal frå vegvesenet at dei kan akseptere at me fremmar mindre reguleringsplaner her før kommuneplanen er vedteken. Dette var ei positiv melding å få, noko me sjølv sagt bør nytte oss av.

Formannskapet tilrår også at me legg ut for sal 3 tomter i det gamle bustadfeltet på Tuv. Her ventar me på ei endeleg flaumvurdering frå NVE. Førrebels signal er at området mellom Mørkedøla og Grøndøla er utsett for den såkalla 200 - årsflaumen. Dette svaret let vente på seg, men formannskapet vel å tilrå å selja tomter som ligg på same høgde som eksisterande hus der. Det blir ikkje tillatt å bygge kjellar på desse tomtene.

God haust!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordførar